

Uskedalen har fått 12 bøsser for TV-innsamlinga til Blå Kors søndag ettermiddag og det tyder at det blir 12 ruter. Det er skaffa mannskap til alle rutene, opplyser rodeleiar Møyfrid Kristoffersen til uskedalen.no. og ber om at innsamlarane blir godt motteke.



Møyfrid Kristoffersen tek gjerne i mot fleire innsamlarar.

Men ho legg til at det ikkje er noko i vegen for at eitpar slår seg saman om ei rute og ho er difor open hvis det melder seg nokre fleire til teneste. Basen for innsamlinga denne gongen blir Gamleskulen og der skal innsamlarane møta klokka 14.30. Så går dei ut etterkvart utan nokon bestemt tidsfrist. - Dei kan halda på til dei er ferdige, seier Møyfrid. Men det vanlegaste er at innsamlinga tek rundt to timar.

Når det gjeld føremålet er det prosjekt som rettar seg mot barn og unge som er ramma av rusmisbruket til vaksne. Eit anslag frå Helsedirektoratet går ut på at det kan vera så mange som 120.000 og dei får ein oppvekst prega av manglande omsorg og mykje ansvar. Barnas stasjon er eitt av prosjekta og det skal verta eitt trygt og landsdekkjande tiltak med barna i fokus. Planen er å etablere seks slike stasjonar.

Eit anna prosjekt er TUBA – ei behandlingstilbod for unge vaksne (16-35) som har vakse opp i heimar med rusmisbruk. Dette prosjektet skal få fem stasjonar. Mange i denne aldersgruppa opplever at barndommen har sett sine spor. Fleire får problem med nære relasjonar eller plagar som angst og depresjonar.

Uskedelingane bør i det minste kunne slå innsamlingsresultatet frå 2006, då det kom inn rundt rekna 36.000 eller 36 kroner pr. innbyggjar. Dei har ry på seg for gode resultat i slike innsamlingar. I fjor kom det inn 33 426 kroner her i bygda..

Av Ola Matti Mathisen